



Sunnfjord  
kommune



# Digitaliseringsstrategi 2021 - 2024

## **Innhald**

Innleiing .....	3
Overordna rammer for digitaliseringsarbeidet .....	4
Målbilde .....	5
Satsingsområde 1: Brukaren i sentrum .....	6
Satsingsområde 2: IKT som innsatsfaktor for innovasjon og produktivitet .....	7
Satsingsområde 3: Styrka digital kompetanse og deltaking .....	8
Satsingsområde 4: Effektiv digitalisering .....	9
Satsingsområde 5: Personvern, informasjonstryggleik og dokumentasjonsforvaltning .....	10



## Innleiing

Mindre økonomisk handlingsrom og auka forventningar frå brukarane krev at offentleg sektor arbeider på nye måtar. Teknologiutviklinga gjer det mogleg å levere tenester på nye måtar, og digitalisering er ei drivkraft for korleis kommunal sektor organiserer, utviklar og leverer tenester.

I stortingsmelding 30 (2019-2020) [En innovativ offentlig sektor](#) er digitalisering definert slik:

«Digitalisering er å benytte digital teknologi til å endre tjenester, prosesser og arbeidsformer.»

Arbeid med digitalisering handlar ikkje berre om kva som skal digitaliserast, men og korleis digitalisering kan bidra til nyskaping og effektivisering.

Digitaliseringsdirektoratet definerer digital transformasjon slik:

«...en prosess der virksomheten endrer hvordan den utfører sine oppgaver, tilbyr bedre tjenester, jobber mer effektivt eller skaper helt nye tjenester

- hvor brukerfokus og brukeropplevelsen er selve kjernen i endringen
- som baserer seg på utnyttelse av digital teknologi»

Frå 1.1.2020 vart kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal slegne saman til Sunnfjord kommune. Digitale løysingar har vorte stadig viktigare i kommunesektoren, og samanslåinga gjev omfattande digitale konsekvensar for den nye kommunen. Omstillingsprosessen vert brukt til å etablere gode digitale løysingar og gjere fleire tenester tilgjengelege digitalt.

## Overordna rammer for digitaliseringsarbeidet

Digitaliseringsstrategien for Sunnfjord kommune byggjer på [Én digital offentlig sektor](#) – Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019 -2025, og [KS sin digitaliseringsstrategi for kommunar](#) 2017-2020.

Digitaliseringsstrategien for offentlig sektor vektlegg at offentlege tenester skal opplevast som samanhengande og heilskapelege for brukarane, uavhengig av kva offentlig verksemd som tilbyr dei. Viktige situasjonar og livshendingar skal vere utgangspunkt for utvikling av tenester. Strategien har seks innsatsområde:

- Samanhengande tenester
- Samordning på tvers
- Digitaliseringsvennleg regelverk
- Deling av data
- Nasjonale fellesløysingar i økosystem
- Samarbeid med privat sektor

Begge dei nasjonale digitaliseringsstrategiane tek utgangspunkt i [Meld. St. 27 \(2015–2016\) Digital agenda for Norge](#). Stortingsmeldinga formulerer fem hovudprioriteringar for den nasjonale IKT-politikken:

- Brukaren i sentrum
- IKT som ein vesentleg innsatsfaktor for innovasjon og produktivitet
- Styrka digital kompetanse og deltaking
- Effektiv digitalisering av offentlig sektor
- Godt personvern og god informasjonstryggleik

I planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel (2021 – 2033) er digitalisering peika på som eit av områda vi må ha særleg merksemd på framover.

Digitaliseringsstrategien for Sunnfjord kommune er på eit overordna nivå, og den gjev føringar for korleis kommunen skal arbeide med digitalisering. Strategien er bygd opp etter dei fem hovudprioriteringane i den nasjonale IKT-politikken, og det er identifisert overordna

tiltak innan kvart av satsingsområda. Som oppfølging av strategien skal det utarbeidast ein årleg handlingsplan som konkretiserer satsingane innan dei ulike tenesteområda i kommunen.

Sunnfjord kommune deltek i IKT-samarbeidet SyS IKT, som leverer teknisk drift for medlemskommunane etter felles samarbeidsavtale. SyS IKT har eigen IKT-strategi for samarbeidet som skildrar status for samarbeid, utviklingstrekk, visjon, målsetjingar og strategiar for felles satsingsområder innan IKT i perioden 2019 - 2022.

Digitaliseringsstrategien må sjåast i samanheng med IKT-strategien til SyS IKT.

## Målbilde

Digitaliseringsstrategien til KS har som visjon:

*Gode og tilgjengelege digitale tenester styrker dialogen med innbyggjarane og næringsliv og gir gode lokalsamfunn.*

Digitaliseringsstrategien for offentlig sektor 2021 – 2025 har følgjande hovudmål:

*Enklere hverdag for innbyggere og næringsliv.*

Intensjonsavtalen har desse hovudmåla for samanslåinga til Sunnfjord kommune:

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

**Mål for arbeidet med digitalisering i Sunnfjord kommune:**

- **Gode digitale tenester som medverkar til eit tenestetilbod med høg kvalitet for innbyggjarar og næringsliv i Sunnfjord kommune**

## Satsingsområde 1: Brukaren i sentrum

Forventningane og krava til gode digitale tenester er aukande. Innbyggjarar og tilsette brukar fleire ulike digitale plattformer, til dømes smarttelefon, nettbrett og PC. Dei digitale løysingane må ha god brukskvalitet og vere tilpassa bruk på tvers av ulike plattformer.

For å forbetre og utvikle digitale løysingar må behova til brukane av løysingane ligge til grunn. Brukarane må derfor involverast i utvikling av tenestene, for å sikre at tenestene fyller brukarbehov og har god brukskvalitet.

Ein tilrådd metode i arbeid med brukarbehov er tenestededesign. Metoden omfattar systematisk kartlegging av behov dei som brukar tenesta har. Ofte syner det seg at etablerte løysingar er vanskelege å bruke og ikkje møter faktiske behov. Bruk av tenestededesign gir nyttig innsikt for å kunne forbetre og utvikle gode digitale tenester.

Klart språk medverkar til at digitale tenester vert tekne i bruk, og arbeid med klart språk er viktig i utvikling av digitale løysingar. Det er utarbeida eigen [språkprofil for Sunnfjord kommune](#) som gjeld for all tekst som vert produsert av kommunen.

Kommunen brukar i stor grad løysingar utvikla av andre. Det er då viktig at vi kjenner brukarbehova ved innkjøp av løysingar, og etterspør korleis leverandørar arbeider med å ivareta brukarbehov når dei utviklar digitale løysingar.

Tiltak:

- Nettsidene til Sunnfjord kommune skal ha ein MiSide-funksjon for innbyggjarane som gir tilgang til kommunale digitale tenester samla på ein stad
- Bruke tenestededesign til kartlegging av brukarbehov i utvikling av digitale tenester
- Gode digitale arbeidsplassar for dei tilsette, med digitale arbeidsverktøy som forenkler samhandling
- Bruke språkprofilen aktivt i arbeid med tekstar i digitale løysingar
- Etterspørje korleis leverandørane tar i vare brukarbehov og sikrar at krav til universell utforming vert følgd i sine løysingar

## Satsingsområde 2: IKT som innsatsfaktor for innovasjon og produktivitet

Digitalisering og ny teknologi er eit eige kapittel i stortingsmeldinga [Meld. St. 30 \(2019-20209, En innovativ offentlig sektor – Kultur, ledelse og kompetanse](#). Stortingsmeldinga peikar på innovasjon og digitalisering i kommunesektoren som eit viktig satsingsområde.

God digital infrastruktur med raskt breiband og god mobildekning i heile Sunnfjord kommune er ein viktig føresetnad for både næringsutvikling og attraktive bumiljø. Sunnfjord kommune har fått infrastrukturmidlar frå KMD i samband med kommunereforma, og midlane skal mellom anna gå til utarbeiding av plan/ strategi for breiband og mobil i kommunen.

Digitale sensorar kople til internett (tinginternett) er eit eksempel på teknologi som vert nytta i satsingar som går under omgrepet smarte byar og lokalsamfunn. Digital agenda for Norge definerer smarte lokalsamfunn som eit lokalsamfunn som brukar teknologi til å gjere byen/ kommunen til ein betre stad å leve, bu og arbeide i.

Bruk av velferdsteknologi kan gi betre livskvalitet og meir effektiv ressursbruk. Bruk av lokaliseringsteknologi (GPS), elektronisk medisineringsstøtte og digitalt tilsyn er døme på velferdsteknologiske løysingar. I 2020 starta prosjektet E-helse Vestland, som skal etablere Vestland som ein kraftregion for bruk av velferdsteknologi i helse- og omsorgstenesta. Prosjektet skal hjelpe kommunane i å realisere det store potensialet i bruk av velferdsteknologi.

Ved innføring av nye digitale løysingar og digitalisering av arbeidsprosessar skal vi utfordre etablerte arbeidsmåtar. KS tilbyr [Veikart for tenesteinnovasjon](#) som støtteverktøy for kommunar som ønskjer å skape betre tenester for innbyggjarane. Vegkartet går gjennom seks fasar, frå eit behov oppstår til ny praksis er sett i drift.

Tiltak:

- Utarbeide eigen plan for utbygging av breiband og mobil for Sunnfjord kommune
- Bruk av veikart for tenesteinnovasjon i samband med innføring av nye digitale løysingar
- Arbeide vidare med automatisering og robotisering av arbeidsprosessar

## Satsingsområde 3: Styrka digital kompetanse og deltaking

Bruk av teknologi opnar for auka demokratisk deltaking og betre tenester, men gjer samtidig at innbyggjarane møter ein meir digitalisert kvardag. Digital kompetanse blant innbyggjarane er ein føresetnad for å lykkast med digitalisering. Likeein er digital kompetanse i kommuneorganisasjonen ein viktig faktor for å hente ut gevinstar frå digitaliseringa.

Til dømes vil digitaliseringa i oppvekstsektoren stille større og endra krav til digital kompetanse hos tilsette. [Handlingsplan for digitalisering i grunnopplæringa 2021 – 2022](#) har digital kompetanse blant skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar som eit av satsingsområda. I handlingsplanen vert skuleeigar sitt ansvar for å sikre nødvendig digital kompetanse understreka.

Vi skal auke kompetansen i bruk av digitale system. Det vil gi betre utnytting av allereie eksisterande digitale løysingar i kommunen, og det er ein føresetnad for å realisere gevinstar ved bruk av ny teknologi.

Nasjonalt er [Digihjelpen](#) eit hjelpemiddel for kommunar som ønskjer å etablere eller vidareutvikle eksisterande rettleiingstilbod i grunnleggjande digital kompetanse for innbyggjarane. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har og etablert ei tilskotsordning der kommunane kan søke om midlar til oppretting av slike rettleiingstilbod.

Tiltak:

- Grundig opplæring av tilsette i bruk av digitale arbeidsverktøy
- Kommunen skal bruke opplæringsplattforma KS Læring til opplæring i nye og eksisterande system
- Tenestetorga skal kunne rettleie innbyggjarar i bruk av digitale tenester
- Etablering av eit kommunalt rettleiingstilbod (Digihjelp) i samsvar med tilskotsordninga til Kommunal- og moderniseringsdepartementet



## Satsingsområde 4: Effektiv digitalisering

Samarbeid i kommunal sektor på digitaliseringsområdet vil lette arbeidet med å tilby digitale tenester til innbyggjarar, næringsliv og tilsette. Kommunane har mange like behov for digitale løysingar, og kommunane har mykje å hente på å utvikle og bruke fellesløysingar.

Sunnfjord kommune er del av [DigiFin-ordninga](#). DigiFin er ei finansieringsordning som skal bidra til at kommunal sektor i fellesskap utviklar fleire digitale fellesløysingar. Ved å utvikle digitale tenester saman oppnår kommunane betre kvalitet og lågare pris på det som vert utvikla.

Bruk av løysingar som bygger på nasjonale fellesløysingar eller er bygd etter nasjonale kravspesifikasjonar vil reduserte byttekostnader når det vert aktuelt å bytte til løysingar frå andre leverandørar. KS har etablert Felles integrasjonsplattform for kommunal sektor ([FIKS](#)). Fiks-plattformen legg til rette for at kommunane kan digitalisere tenester raskare, auke kvaliteten på tenestene og digitalisere for lågare kostnad enn om alle skulle utvikla tenester kvar for seg.

Det regionale digitaliseringssamarbeidet [DigiVestland](#) er etablert for å støtte kommunane i Vestland i arbeidet med digitalisering, og for å vere eit bindeledd til KS og deira arbeid med felles kommunale digitale løysingar. DigiVestland skal mellom anna medverke til effektiv innføring av nye nasjonale og regionale løysingar.

Bruk av nasjonale og kommunale fellesløysingar og deltaking i regionale digitaliseringssamarbeid legg grunnlag for utvikling av samanhengande og heilskaplege tenester til innbyggjarar og næringsliv, i tråd med målet i den nasjonale digitaliseringsstrategien.

Tiltak:

- Sunnfjord kommune skal vere ein aktiv deltakar i det regionale digitaliseringssamarbeidet DigiVestland
- Kommunen skal ta i bruk fellesløysingar som vert utvikla med finansiering frå DigiFin-midlane. Bruk av andre løysingar må grunnleggjast.
- Bruk av prosjektvegvisaren som metode i gjennomføring av digitalisering- /IKT-prosjekt

- Innføre styringsmodell for prioritering av IKT-/ digitaliseringsprosjekt
- Systematisk arbeid med gevinstrealisering for å hente ut flest mogleg gevinstar frå digitaliseringsprosjekt

## Satsingsområde 5: Personvern, informasjonstryggleik og dokumentasjonsforvaltning

Personvern og informasjonstryggleik er avgjerande for å lukkast med digitaliseringa. Systematisk arbeid med informasjonstryggleik og personvern på alle område av verksemda er ein føresetnad for tillit til digitale løysingar. Personvern og informasjonstryggleik skal vere ein integrert del av utviklinga og bruken av IKT.

Stadig endring med ny teknologi gjer at nye risikoar og truslar kan oppstå. Det gjer at kommunen må drive opplæring og kompetanseheving av tilsette, slik at dei er oppdaterte i endringane innan fagområdet.

Dokumentasjons- og arkivforvaltninga i kommunen skal sikre alle som har krav på det tilgang til dokumentasjon. Langtidsbevaring av dokumentasjon og arkiv frå alle delar av verksemda er nødvendig.

Tiltak:

- Sunnfjord kommune skal ha overordna retningslinjer for arbeidet med informasjonstryggleik og personvern som vert følgt i heile organisasjonen
- Krav om risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) og vurdering av personvernkonsekvensar ved oppgraderingar og innføring av nye system
- Sikre at tilsette har nødvendig kompetanse knytt til informasjonstryggleik og personvern i arbeidet
- Fagsystem med arkivering av arkivverdig materiale i tråd med gjeldane regelverk knytt til arkiv- og journalføringsplikt
- Utarbeide oversikt over informasjon kommunen forvaltar